



Kjetil Johansen
Sandvikavegen 152
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1775 - 19/33371

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
15.11.2019

Søknad om støtte til hjortegjerde - Viltfondsmidler

Saksutgreiing

Det er søkt om 450 meter hjortegjerde på Gbnr 203/3 i Lindås kommune. Søkar driv med grønsaker og ynskjer å gjerde inn arealet for å skjerme produksjonen for beiteskadar. Dyrking skjer i kassar og opphøgde bed og det er difor søkt om inngjerding av fulldyrkajord samt innmarksbeite. Det føreligg ikkje opplysningar om størrelsen av produksjonen i dag.

Lindås kommune ynskjer å støtte lokal verdiskaping og er samde i at grønsaksproduksjon i område med mykje hjort er utfordrande. Når det ikkje føreligg tal på produksjonen vil me likevel redusera tilskotet noko.

Normalt vert det ikkje løyvd midlar til inngjerding av innmarksbeite. Søkar sin produksjon baserar seg ikkje på tradisjonell bruk av beite, i staden vil han dyrke grønsaker i heva bed/dyrkekassar. Produksjonen er difor ikkje avhengig av fulldyrka jord på plassen og det kan dyrkast grønsaker på areal det elles ikkje er mogleg.

Det føreligg i dag ikkje dokumentasjon på at det vert produsert grønsaker for vidareasal på garden og me legg til grunn at du er i ei fase med oppbygging. Me vil gjera deg merksam på at det er eit krav at det vert drive landbruksproduksjon på areala for å få tilskot. Kommunen kan difor krevja dokumentasjon på produksjonen ved eit seinare høve og kan krevja midlane betalt attende om det ikkje vert produksjon som tenkt på eigedomen.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.




Konklusjon

Landbrukskontoret har vurdert saka opp mot tidligare saker i dei tre kommunane som no vert Alver kommune, 01.01.20, og kjem til at prosjektet kan støttast med midlar frå viltfondet.

Vår tilråding er at du reduserer området til eit gjerde på om lag 200 meter og fokuserer på å få produksjonen i gang på dette feltet. Når du har produksjon på feltet og har næringsinntekt frå produksjonen kan du søka om midlar til eit nytt felt. Kommunen vil sjå positivt på ein slik søknad.

Kommunen vil ikkje legge føringar på endelig plassering av gjerdet, men me har satt opp to forslag til plassering slik kartet under viser.



Vedtak

Det vert løyvd 40 000 kr, intill 50 % av kostnad eks. mva. Tilskotssummen kjem frå Lindås kommune sitt viltfond og vert utbetalt etterskotsvis. Tiltakshavar må dokumentere kostnadane med kopi av faktura og eventuell timeliste.

Vilkår

Tilskotet skal nyttast til hjortegjerde på Gbnr 203/3 i Lindås/Alver kommune, gjerdet skal vera ein fast installasjon. Søkar forpliktar seg til å vedlikehalde gjerdet i minimum ti år. Kommunen kan

krevja at det vert lagt fram kopi av bilag/rekneskap som dokumentasjon på at arealet vert nytta til omsøkt formål.

Om ikkje vilkåra for tilskotet vert oppfylt kan kommunen krevja tilskotet betalt attende.

Vedtak om tildeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjetil Johansen

Sandvikavegen 5915
152

HJELMÅS